

# Saksframstilling

## Reiselivsorganisering - prosjekt

Saksbeh.: Karina Nerland	Arkivsaksnr: 11/1042
	Arkivkode: U64
<b>Saksnr.: Utval</b>	<b>Møtedato</b>
15/12 Sogn regionråd	25.06.2012

## Saksframlegg

Sakshandsamar: Karina Nerland	Arkiv: U64
Arkivsaksnr.: 11/1042-36	

## Reiselivsorganisering i Sogn

### Tilråding:

Sogn regionråd arbeider vidare med etablering av eit regionalt reisemålsselskap og opprettar eit interimstyre med representantar frå kommunane og næringa med mandat slik det går fram av saksutgreinga. Interimstyret blir samansett slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek som observatør i interimstyret.

Sogn regionråd set av kr 150 000 av fondsmidlar reiseliv til det vidare arbeidet med etablering av selskapet. Arbeidet vil søkjast finansiert av eksterne løyvingar.

### Handsaming:

Noralv Distad gjekk frå som ugild. Som vararepresentant møtte Terje Horvei. Møteleiar i saka var nestleiar Jarle Aarvoll.

Harald Offerdal reiste spørsmålet om han som styremedlem i Balestrand Reiseliv AS er ugild i handsaming av saka. Rådet fann at han ikkje var ugild.

Uttale frå Reisemål Sogndal og Luster av 20. juni frå medlemsmøtet den 10. mai vart referert i møtet. Forslag til interimstyre frå nestleiar Jarle Aarvoll og frå reiselivsgruppa Harald Offerdal og Jan Geir Solheim vart utdelt i møtet og forslaget er:

Trine Lerum Hjellhaug  
Sigurd Kvikne  
Olav Lühr

Helene Maristuen  
Harald Offerdal  
Jan Geir Solheim  
Terje Stalheim

Det kom framlegg om at Olav Lühr vert vald som leiar av interimstyret.

**Vedtak:**

Sogn regionråd arbeider vidare med etablering av eit regionalt reisemålsselskap og opprettar eit interimstyre med representantar frå kommunane og næringa med mandat slik det går fram av saksutgreiinga. Interimstyret blir samansett slik:

Trine Lerum Hjellhaug  
Sigurd Kvikne  
Olav Lühr  
Helene Maristuen  
Harald Offerdal  
Jan Geir Solheim  
Terje Stalheim

Olav Lühr vert leiar av interimstyret.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek som observatør i interimstyret.

Sogn regionråd set av kr 150 000 av fondsmidlar reiseliv til det vidare arbeidet med etablering av selskapet. Arbeidet vil søkjast finansiert av eksterne løyvingar.

**Vedlegg:**

1. Uttale frå Reisemål Sogndal og Luster av 12.4.2012,
2. Uttale frå Hotellgruppa i Sogn av 26.4.2012
3. Uttale frå Aurland og Lærdal reiselivslag av 4.5.2012

**Uprenta vedlegg:**

1. Rapport – Reiselivsorganisering i Sogn

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Sogn regionråd tilrådde i møtet 20. april at regionråds kommunane gjer prinsippvedtak om å etablere eit regionalt reisemålsselskap i Sogn saman med næringa slik som skissert rapporten Reiselivsorganisering i Sogn. Vidare vart det vedteke at med positive prinsippvedtak får Sogn regionråd i oppdrag å arbeida vidare med etablering av selskapet. Høyanger kommune får tilbod om å delta i selskapet.

Kommunane har lagt opp til politisk handsaming innan regionrådsmøte 25. juni. Sogn regionråd kan derfor i dette møtet gjera vedtak på bakgrunn av kommunane sine vedtak.

**Vurdering:**

Det er kome uttale frå Reisemål Sogndal og Luster, Hotellgruppa i Sogn og Aurland og Lærdal reiselivslag. Uttalene er sende til kommunane og følgjer vedlagt. Administrasjonen si vurdering er at næringa meiner rapporten frå forprosjektet gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet i interimstyret. Administrasjonen tilrår at Sogn regionråd i dette møte oppretter eit interimstyre som kan arbeida vidare med etablering av selskapet.

Interimstyre sitt mandat vil mellom anna vera å utforma vedtekter, innhenta aksjekapital, velja lokalisering og stå for skipingsmøte for selskapet. I det vidare arbeidet bør interimstyret vurdere innspel som er gitt frå kommunane i høyringsrunden, næringa og reiselivslaga. Interimstyret bør få fullmakt til å setja i gang det nye selskapet. Dette er dei viktigaste oppgåvene til interimstyret:

1. Utarbeida eit prospekt for selskapet
  - a. Utarbeida vedtekter for selskapet
  - b. Utarbeida forretningsmodell
    - i. Utarbeida driftsavtaler med kommunar og medlemar
  - c. Utarbeida budsjett for 3 år framover
  - d. Utarbeida framlegg til visjon, mål og strategiar
  - e. Utarbeida framlegg til handlingsplan
  - f. Velja lokalisering og finna eigna lokalitet
  - g. Utarbeida framlegg til namn/logo
2. Organisering:
  - a. Definera arbeidsoppgåver til dagleg leiar
  - b. Tilsetja dagleg leiar
  - c. Definera ytterlegare stillingar
  - d. Finna gode overgangsløysingar
3. Skiping:
  - a. Innhenta aksjekapital
  - b. Innstilla representantar til styret
  - c. Føreslå revisor for selskapet
  - d. Gjennomføra skipingsmøte

Interimstyret orienterer Sogn regionråd om arbeidet fram til etablering av selskapet. Interimstyret arbeider fram til stiftingsmøte som bør gjennomførast før årsskiftet. Næringsliv og kommunane vil bli tilskrive og får tilbod om å kjøpa aksjar. Det vert teke sikte på å etablere selskapet frå 1.1.2013.

I løpet av høyringsrunden i kommunane er det kome forslag om at fylkeskommunen kan vera representant i interimstyret. Vi har vore i kontakt med fylkeskommunen og dei ønskjer ikkje å vera representant i eit interimstyre, men kan delta med observatør som har møte- og talerett.

Med positive prinsippvedtak i kommunane bør Sogn regionråd i dette møte setja ned eit interimstyre som skal arbeida vidare med å etablere selskapet. Interimstyret bør bestå av fem eller sju representantar i tillegg til fylkeskommunen sin observatør.

Interimstyret bør få høve til å innhenta fagleg kompetanse. Administrasjonen tilrår ei ramme på kr 150 000 til å finansiera arbeidet i interimfasen. Dette vil dekke utgifter til ekstern konsulent, revisor/jurist og reise- og møteutgifter. Avsette fondsmidler reiseliv kan brukast til å finansiera arbeidet i interimfasen. Det vil også bli søkt om ekstern finansiering.

Den politiske handsaminga i kommunane vil vera avslutta før regionrådsmøtet 25. juni, og det vil derfor vera avklart når regionrådet møtest kva vedtak kommunane har fatta. Tilråding frå administrasjonen og eventuelle ytterlegare opplysningar vil bli ettersendt eller lagt fram i møtet.